

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.02.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Val av nye styre i underliggjande helseføretak**

Arkivsak
2007/570/012
Styresak 022/08 B

Styremøte 25.02. 2008

Bakgrunn:

I styresak 011/08 B *Val av nye styre i underliggjande helseføretak – føringar for utveljing av styremedlemmer* har styret lagt naudsynte rammer og føringar for samansetting av nye helseføretakstyre. I saka blei det også gjort greie for den prosess som var sett i gang, og orientert om at Helse Vest RHF hadde invitert fylkeskommunane og kommunane i regionen til å foreslå egna folkevalde kandidatar.

Oversikt over innkome forslag til kandidatar følgjer saka som vedlegg.

Kommentarar:

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styrer er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. I dei fem helseføretaka i vår region er det Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra.

I tråd med føretaksmodellen representerer eigaroppnemnde styremedlem i helseføretak ikkje politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper. Tilsvarande vil gjere seg gjeldande for eigaroppnemnde styremedlem føreslått blant folkevalde. Desse vil i tillegg til sin individuelle kompetanse bringe med seg sin politiske erfaringsbakgrunn, men den einskilde skal ikkje representera særinteresser i styresamanheng.

Med mange forslagsstillarar og endå fleire kandidatar til et avgrensa tal styreverv kan ikkje styresamansettinga basere seg på nokon form for representativitet. I arbeidet med å setje saman dei nye styra må ein leggje vekt på dekning av kompetansebehov og kjønnsbalanse. I tillegg må ein sjå til at det i styra blir utpeikt styremedlemmer både etter forslag frå kommune- og fylkesnivå. Det er også ønskjeleg at styra reflekterer ei spreiing med omsyn til partipolitisk tilhøyring og geografi.

Styresamansettinga skal vere eit resultat av ein heilskapleg vurdering med sikte på å gi det einskilde styret ein samansetting som inneberer at det samla innehalar den kompetanse som er ønskjeleg, og som styret gjennom tidlegare vedtak har lagt rammene for.

Forslag til vedtak:

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Apoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Førde HF:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
3. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Bergen HF:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
4. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Fonna HF:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
5. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Stavanger HF:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
6. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Apoteka Vest HF:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Vedlegg: Oversikt over innmelde kandidatar